

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 08.03.2016

Vår ref.: 201506172-7

Arkiv: 313

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Andreas Selstad Ottesen

22 95 95 28 / baso@nve.no

Eide Fjordbruk AS og Lingalaks AS - søknad om løyve til uttak av vatn frå Ænesvassdraget i Kvinnherad kommune, Hordaland - høyring

NVE har motteke ein søknad frå Eide Fjordbruk AS og Lingalaks AS, datert 25.02.2016, om løyve til uttak av vatn frå Æneselva i Ænesvassdraget i Kvinnherad kommune.

Eide Fjordbruk AS og Lingalaks AS planlegg å ta ut vatn frå Æneselva i samband med etablering av nytt settefiskanlegg på Ænes, for produksjon av 6,6 millionar smolt. Det vert søkt om eit vassuttak på 6-60 l/s til drift av anlegget, og eit uttak på inntil 200 l/s i kortare periodar for å fylle opp vassmagasin/ oppdrettskar i anlegget. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 300 l/s heile året.

Søknaden skal behandlast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Knut Frode Eide på tlf. 941 51 000 / e-post: Knut-Frode@efb.no, eller Erlend Haugarvoll på tlf. 928 22 673 / e-post: erlend@lingalaks.no.

Vi ber Kvinnherad kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Rådhuset i Rosendal fram til **26.04.2016**. Det eine eksemplaret kan, om nødvendig, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagt informasjonsark som forklarar saksbehandlinga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at uttalar vert sendt oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som råd og seinast innan **26.04.2016**. I tillegg kan ein sende uttalar per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Uttalen eller delar av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Om uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Andreas Selstad Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Søknader til kommunen, 3 stk.
 Kunngjeringsstekst
 Informasjonsark
 Mottakarliste

Mottakarliste:

Fiskeridirektoratet Region Vest
Forum for natur og friluftsliv Hordaland
Friluftsrådet Vest
Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune
Kvinnherad Jeger og Sportsfiskarlag
Kvinnherad kommune
Kvinnherad turlag
Mattilsynet
Naturvernforbundet Kvinnherad
Norsk Ornitologisk Forening avd. Hordaland

Kopi til:

Eide Fjordbruk AS
Lingalaks AS